

VU årsmelding 2017

Endringene som VU har gjennomført i 2017 har ført til at VU er bedre stilt i 2018 enn året før. 2017 var eit kritisk år for Vestlandsutstillingen, der styret måtte ta stilling til eigen eksistens på bakgrunn av svært dårlig økonomi og vedlikehaldsetterslep. Det vart på årsmøtet vedteke at styret hadde ønske om å fortsetje drifta, men at ei omorganisering måtte til. På ekstraordinært årsmøte i september 2017 vart det vedteke nye vedtekter, kontraktar og instruksar, samt ein heilt ny valkomité for å få til ei ny og betre drift. Frå no av fungerer ei avgrensa gruppe av medlemsmassen som styremedlemmer og dei resterande medlemmene i Vestlandsutstillingen stiller som øvste organ på årsmøtet. Dette bidreg til eit meir handlekraftig styre. Av konsekvensar kan me allereie sjå at budsjettet for 2018 er auka med over 200.000kr mot budsjettet for 2017. 80.000kr av desse er midlar fra Hordaland Fylkeskommune si KUP-ordning til auka profesjonalisering av VU.

Sjølv om infrastrukturen no ligg til rette for ei god fortsetjing, er situasjonen framleis at det er stor trøng for ytterlegare forbetringer. Styret arbeider med eit mål om å kunne auke vår ansatte si stilling frå 35% til 50% for å få til ei god og forutseileg drift. Også arbeidet med å auke honorar til kunstnarane er av høg prioritet, samt honorar for gjennomført arbeid til styremedlemmer og valkomité.

ØKONOMI:

Ved utgangen av 2017 kan me stadfeste at oppryddinga i VU er fullført, og kontroll gjenopprettet. Sjølv om økonomien framleis er pressa, går både budsjett og underskot i rett retning. Kurator for VU18, Randi Grov Berger, har aktivt jobba for å skaffe eksterne midlar til katalog/trykksak for utstillingane i 2018. Dette har resultert i kr. 54 000 frå Bergen kommune og kr. 30 000 frå Fritt Ord, i tillegg til kr. 20 000 frå VU sitt driftsbudsjett.

UL har i 2017 tatt initiativ til møter med HFK og RFK for å forklare VU sin situasjon og gjere greie for VU sitt profesjonaliseringsarbeid. Møta har vorte positivt mottekne, og det har blitt uttrykt forståing for behovet for styrking av driftstilskot, sjølv om ingen har kunna gje lovnad om auka tilskot. Møter med S&F fylkeskommune og M&R fylkeskommune står på planen for fyrste halvdel av 2018. (S&F 16.jan., M&R april/mai)

VISNINGSSTADER:

VU har vore på turné i 2017 og vart vist i Kunsthuset Kabuso, Kunstmuseet Kube, Haugesund Billedgalleri, Kunsthall Stavanger og Førdehuset. Me kan med glede melde at VU 2018 vil vere attende i SFKM (Sogn og Fjordane Kunstmuseum). Situasjonen er likevel uavklart i høve til visningsstad for VU19 i Sogn og Fjordane.

LAGER:

Ytterlegare rydding av VU sitt lager vart gjort ved årsskiftet 2017/2018, då VU fekk melding frå Havnelageret om at dei skulle leige ut heile etasjen til Havforskningsinstituttet. Det vart då avgjort at VU flyttar sitt lager inn i lageret til VISP. (Flytting utført av UL 3.jan. 2018.)

STYRE:

Styret frem til det ekstraordinære årsmøtet den 4. september 2017 besto av representanter fra samtlige av Vestlandsutstillingen sine medlemmer. Styret etter det ekstraordinære årsmøtet den 4. september 2017 består av:

Maya Økland, styreleder (Kunsthall Stavanger)

Simon Wågsholm, nestleder (BKMR)

Simon Næsse (Haugesund Kunstforening)

Sandra Vaka Olsen (BKFR)

AU for 100års-jubileum: Maya Økland, Sandra Vaka Olsen og Anneli Belsvik Aras

MØTER i 2017:

16.jan – AU-møte

8. feb. AU 100år – jubileumsmøte Maya og Sandra

13.febr. – UL og kurator for VU18

21.mars – UL og HFK

4.april – UL og fung. Styreleiar

12. april AU 100år – jubileumsmøte Maya og Sandra

22.april – Årsmøte

23.april – Styremøte/strategisamling

8.mai – UL og RFK

8.-9.mai – nettverkssamling for Landsdelsutstillingane. VU var vertskap (Rogaland).

4.sept. – Ekstraordinært årsmøte (org.endring m.m.)


27.sept. – UL og kurator for VU18

21.nov. – styremøte i VU på skype

6.des. – UL og styreleiar

Rapport VU17

«Hvor har vi vært?»



Frå VU17 i Haugesund Billedgalleri. Foto: Gunvor Saltvik.

Utlýsing og juryering

VU2017 vart lyst ut som ein *Open Call* utan tema. For å spare pengar (dvs. redusere underskotet i VU), vart utstillinga juryert på dugnad av 4 personar utvald frå VU sine medlemmer. Juryen bestod av Joakim Lund (Haugesund Kunstforening og styreleiar i VU), Terese Longva (BKMR og nestleiar i VU), Heather Jones (kurator for Kunsthall Stavanger) og Astrid Wittersø (BKSF). UL (utstillingsleiar) fungerte som sekretær for juryen. Ved gjennomgang av dei 256 søknadane, var det tydeleg at tema som miljø, økologi, natur m.m. var gjennomgåande. Juryen valde dette som ein raud tråd i utveljinga av verk til VU17. VU17 bestod av 21 verk av til saman 17 kunstnarar. Alle dei 4 fylka var representert i følgjande utval av kunstnarar:

Per Tore Barmen, Else Karin Tysse Bysheim, Susanne Steen Christensen, Vania Cunha, Petra Dalström, Aud Marit Skarrebo Holmen, Simone Hoymans, Simon Kjær, Kristina Kvalvik, Karen Helga Maurstig, Rune Werner Molnes, Daniel Persson, Kirsti Prøis, David A. Rios, Anne Helen Robberstad, Nina Skarsbø, Ingrid Toogood.

Publikasjon

Det vart laga ein enkel publikasjon til VU17. Denne kunne fungere både som plakat og som formidling i utstillinga på alle visningsstadene. UL laga enkle og tydelege formidlingstekstar til kvar kunstnar/verk basert på informasjon innhenta frå den enkelte kunstnar. Kobie Nel fekk oppdraget med å designe publikasjonen/plakaten.



Kunstfoto av Anne Helen Robberstad. Fotografiet t.h. vart seld. Foto:Kunsthall Stavanger.

Visningsstadene

Ei utfordring med å velje ut verk er at ein må ta høgde for at ulike visningsstader har ulik kapasitet og ulike romløysingar. Ut frå erfaringane med VU16 vart talet på kunstverk redusert noko, for ikkje å «sprenge» kapasiteten til visningsstadene.

VU ser det som positivt å igjen vere på plass i Haugesund Billedgalleri, etter eit opphold i 2016. I Sogn og Fjordane vart VU17 vist i Førdehuset. Lokala i Førdehuset er ikkje ideelle for VU, og SFKM vil vere å foretrekke om dette kan la seg gjere.

Turnéplanen for VU17:

- Kunsthuset Kabuso – 14.jan.-12.feb., 232 besøkende
- Kunstmuseet Kube – 24.feb.-26.mars, 561 besøkende
- Haugesund Billedgalleri – 28.april-28.mai, 458 besøkende
- Kunsthall Stavanger – 9.juni-13.aug., 985 besøkende
- Førdehuset – 2.-26.sept., 360 besøkende

Besøkstal for VU17 var totalt 2596



Frå VU17 i Førdehuset. Foto: UL



Frå VU17 i Haugesund Billedgalleri. Collage t.h. av Simon Kjær vart seld. Foto: Gunvor Saltvik.

Oppsummering

Å velje bort kurator til fordel for ein jury på dugnad, var eit grep for å betre økonomien til VU. Det førte likevel til at ein del av det arbeidet som normalt fell på ein kurator, gav meir arbeid til UL. Vederlaget til kunstnarane gjekk opp frå kr. 2500 i 2016 til Kr. 3000 i 2017. Det er eit skritt i rett lei, men framleis eit altfor lågt vederlag.

Bergen 10.april 2018, Anneli Belsvik Aras (UL).